

**ÅRSMØTE INDRE NORDFJORD TURLAG 2015**

**STRYN VIDAREGÅANDE SKULE**

**FREDAG 15.JANUAR 2016 KL. 19.00**



**Bilde er frå Sunndalssetra 31.juli 2015. Offisiell opning av Historisk Rute mellom Vest/Aust over Kamperhamrane.**

## ÅRSMØTE 2015

### INDRE NORDFJORD TURLAG

Medlemene vert med dette kalla inn til årsmøtet.

Fredag 15.januar kl.19.00 på Stryn Vidaregåande Skule

#### **Sakliste:**

- 1) Godkjenning av innkallinga
- 2) Val av møteiar og sekretær
- 3) Årsmelding INT 2015
- 4) Rekneskap
- 5) Vedtektsendingar
- 6) Val
- 7) Eventuelt

Lett servering

Bildegavalkade frå turar 2015

Presentasjon turprogram 2016

Historisk Vandrerute vest/aust frå Sunndalssetra over Kamperhamrane til Skjåk m/bildegavalkade og litt historikk.

Velkomne

Olav Auflem

Leiar INT



## Indre Nordfjord Turlag

### Årsmelding 2015

Årsmøte for 2014 vart halde på Stryn Vidaregåande Skule Mandag 19.januar 2015 på Stryn Vidaregåande Skule med 35 frammøtte inkludert styret. Benthe Kjøs starta årsmøtet med å ynskje dei frammøtte velkomne. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vart det vist bilde av turar i 2014 samt presentasjon av turprogram 2015. Ut av styret gjekk Per Jakob Kyrkjeide, Ole Eltvik og Asle Loen. Desse vart då ny valnemd for 2016. Inn i styret kom Olav Auflem, Hildegunn Mykløen og Kirsti Horne. Styret vart slik samansatt for 2015:

|                   |   |
|-------------------|---|
| Leiar:            | Olav Auflem   |
| Nestleiar:        | Benthe Kjøs   |
| Sekretær:         | Kirsti Horne  |
| Økonomiansvarleg: | Idar Skogli   |
| Styremedlem:      | Cato Andre Nesje ( Webansvarleg)                    |
| Styremedlem:      | Grethe Sunde Langeset ( også leiar i Barnas Turlag) |
| Styremedlem:      | Hildegunn Mykløen ( også leiar i INT-UNG )          |
| Varamedlem:       | Birgit Træen  |
| Varamedlem:       | Martin Sandal                                       |

Avslutningsvis delte Benthe ut blomster til dei som gjekk ut av valnemd og styret.

Det har i 2015 vore halde 5 styremøter og handsama 32 saker. I tillegg til styremøta har det vore halde ulike møter der styreremedlemer har vore representert. Økonomien i laget er fortsatt god. Medlemstalet pr. 23.10.2015 var 358 medlemar, ein auke på 14 frå forrige år. Medlemane i laget fordeler seg slik:

| Hoved | Student | Hønnør | Livsv. | Born | Skule | Hustst. | Sum |
|-------|---------|--------|--------|------|-------|---------|-----|
| 185   | 15      | 34     | 1      | 32   | 18    | 73      | 358 |

Det vil verte sett fokus på medlemsverving i 2016, utifrå antal deltakarar på arrangementa våre er det spesielt ynskjeleg med fleire born og ungdomsmedlemer. Hovudinntektskjelda til

laget kjem utifrå antal medlemsinnbetalingar til DNT. Når det gjeld medlemsinnbetaling for born går denne uavkorta til lokallaget, noko som er svært viktig i arbeidet vårt for aktivitetar vi kan tilby borna.

### Turar i 2015

Totalt var det i 2015 planlagt 48 turar. Nokre få vart avlyst på grunn av veirforhold og for lite frammøte. Frammøte vil alltid varierer, men totalt sett er styret godt nøgd med oppslutninga om turane våre. Dei som har slite mest er nok DNT – Ung gruppa, men pågangsmotet er på topp, noko som gjenspeiler seg i neste års program. Som vanleg har vi utruleg godt oppmøte på arrangementa våre i Barnas Turlag, så det syner at satsinga på barn er utruleg viktig. Seniorgruppa har og markert seg sterkt første året med 70 deltakarar på 9 turar. Undergruppene har eigne årsmeldingar der ein kjem tilbake til deira oppfatning av Friluftsåret 2015.

| Turarrangemet | Antar turar | Antal deltakarar |
|---------------|-------------|------------------|
| Fellesturar   | 14          | 150              |
| Onsdagsturar  | 14          | 90               |
| Barnas Turlag | 5           | 530              |
| INT – Ung     | 2           | 10               |
| Senior        | 9           | 70               |
| <b>Sum</b>    | <b>44</b>   | <b>850</b>       |

Vi er stolte over å ha fått så mange med oss ut på tur i 2015. Av fellesturane vil eg først og fremst trekke fram turen Skarsteinssetra/Remestøylen, Hornelen som vi hadde samarbeid med Ytre Nordfjord Turlag og turen Sunndalssetra/Kamperhamrane.

### Kursaktivitetar 2015

Vi har hatt 2 på Ambassadør/Grunnkurs: Sigurd Olai Berge og Kristine Tønning

Klatrekurs INT Ung 10 deltakarar

Sommarturleiarkurs Siv Solheim

Brekurs Siv Solheim

Skredkurs Siv Solheim

Vardekurs Olav Auflem/Per Jakob Kyrkjeeide

## **Turmagasinet 2015**

I Turmagasinet som Sogn og Fjordane Turlag gjev ut til alle husstandar hadde vi fylldig omtale av 5- toppsturen som vart utsett til hausten 2015 grunna store snømengder i høgda i juni mnd. Kvart år har laga høve til å melde inn ein spesiell tur ein vil ha omtale om, gjerne turar som er nye, eller spesielt populære turar som laga arrangerer år etter år. Dette er ein måte å marknedsføre seg på, ikkje berre for medlemar, men også alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

## **Utendingar 2015**

Utendingar til årsmøte i Sogn og Fjordane Turlag: Olav Auflem – Martin Sandal

Utendingar til årsmøte i DNT: Benthe Kjøs – Grethe Sunde Langeset

Utendingar til Fellesmøte Sogn og Fj. Turlag: Olav Auflem – Per Jakob Kyrkjeide  
Grethe Sunde Langeset

Utending til årsmøte DNT – Bre – og Fjellsport Siv Solheim

## **Oppstart av nye undergrupper i INT**

### **Seniorgruppe**

Under eventuelt i årsmøte for 2014 vart det signalisert at ein skulle prøve å starte opp ei seniorgruppe i Indre Nordfjord Turlag. Olav Auflem har hatt fleire samtalar med Eivind Skjerven om dette, og i mai kom vi på plass. Den er oppstarta på lik linje med det andre lokallag i Sogn og Fjordane Turlag har fått til. Det dei har fått til av turar i 2015 står det all respekt av. Vidare utvikling av gruppa er i godt gjenge.

### **Bre – og Fjellsportgruppe**

I haust vart det også tatt initiativ av styreleiar til oppstart av **ei Bre –og Fjellsportgruppe**. Den er no komt i gang og har vore med å sett opp turar i 2016. Intensjonen frå turlaget si side er å få utdanne/kurse folk i brevandring, samt at vi med dette håpar å få i gang tilbod om toppturar både for voksne og ungdom som likar denne form for turar.

### **Varding/Merking av ruter**

Marie Johanne Folven – Hans Støle og Arne Heggstad har hatt som oppgåve å halde ved like /merke ruta frå Parkeringsplassen i Erdalen til Vetledalssetra og vidare til Infimus. Dette vart gjort hausten 2015.

Per Jakob Kyrkjeeide og Olav Auflem har vore med å merka ruta frå Sunndalen til Kamperhamrane i regi av Den Norske Turistforening. Alle ruter/stiar som vert merka i DNT – regi må gjerast i henhold til Merkehandbok som er vedtatt på nasjonalt nivå. Det var eit interessant kurs er tilbakemeldingane får vore deltakarar. Under opninga av Historisk Rute fekk dei gode tilbakemeldingar på korleis dei hadde sett opp vardar og merka med T – ar. Står litt att som laget skal ta att i 2016.

### **Ny heimeside**

I haust har det vore jobba ein god del med nye heimesider som er linka opp mot eit nytt program i DNT. Det heiter fortsatt Sherpa – men er ein ny måte å presentere turar på/arkivere bilder/omtale av turar som er gjennomført m.m. Ny teknologi, nye måtar å marknedsføre seg på, nye måtar å oppbevare dokument på, her finn ein oversikt over det meste. Indre Nordfjord Turlag er som andre turlag nødt til å nå medlemmar via slike kanalar. Såleis vil styret oppfordre dei som har tilgang til nett logge seg inn på den nye heimesida vår for å finne informasjon om laget:

### **Indrenordfjord.dnt.no**

Vi beheld det gamle turlaget.no også, så om du nyttar det vil du verte vidare sendt til ny heimeside.

I tillegg finn du oss på facebook der vi har eigne sider.

Då gjenstår det berre for styret å takke turleiarar og alle som har vore med å hjelpt til på arrangement i 2015 for ein fantastisk innsats. Turlaget er basert på frivillig arbeid, all ære av den jobben de har gjort for laget.

|                       |             |                  |                   |
|-----------------------|-------------|------------------|-------------------|
| Olav Auflem           | Benthe Kjøs | Idar Skogli      | Hildegunn Mykløen |
| Grethe Sunde Langeset | Kato Nesje  | ( Kirsti Horne ) |                   |

I 2016 er det i DNT – regi lagt opp til **Familieåret 2016**. Dette håpar vi gjenspeilar seg i turprogrammet vårt for 2016.





## **ÅRSMELDING, BARNAS TURLAG 2015**

Vi starta året med Kom Deg Ut dagen i skiløypa på Tverrfjellet. Dagen kom med sol og fint ver, der ein fekk prøve seg både med skare og puddersnø. 65 barn og 55 vaksne deltok og leika seg og fekk pølser og premie.

Palmesøndag vart det ski og akedag i samarbeid med idrettslaget Vetten. Og 30.mai var vi også i år med å arrangere Finn Fram Dagen på Ullsheim i samarbeid med Markane idrettslag. 20-30 deltakerer, både ferskinger og vidarekomne, fekk her teste orienteringskunnskapane sine i ulike aktiviteter. 21.06 var vi på fjelltur i lett turterreng til Rakssetra. Ein fantastisk dag med strålande sol og nydelig utsikt! 10 barn og 6 vaksne tok turen.

06.09 var det klart for haustens kom Deg Ut Dag. I år la vi igjen aktivitetdagen til Sagedammen. Her er mange flotte mulegheiter for ulike aktiviteter som kanopadling, flåte på vatnet, natursti og grilling. Når det blir mange som deltek, er det vanskeleg å kome med nøyaktig antall, men nærme 200 var innom området iløpet av dagen.

Iløpet av året har rundt 250 barn og 170-180 vaksne delteke på turane våre. Vi har stort sett bra oppmøte på arragemanga våre, men ser at det er veldig veravhengig, i tillegg til at vi konkurrerer med andre aktivitetar for barn. Så langt det er råd, har vi prøvd å styre unna fotballturneringar, handballturneringar, speiderfestar osv. Vanlegvis ligg medlemstalet på 24-25 medlemmer. Dette er noko vi jobbar med ved å reklamere litt for medlemsskap på turane våre. Med tanke på at det på enkelte arragemang møter opp godt over 100 barn, håper vi at vi etterkvart kan få opp medlemstalet. Vi avslutta med Lommelykttur 23.10 frå Tonningssetra til Spjelkebu. Eit fantastisk skue av haudelyktar på stien. Fult hus i grillhytta ved Spjelkebu, fin avslutning på turåret 2015.

Henning Dispen, Håvard Vatne og Grethe Sunde Langeset har site i barnas turlag gruppa i mange år. Vi føler no det er på tide med nye krefter, og overlet organiseringa til nye ildsjeler. Vi ønsker nye kostar lykke til vidare med eit interessant og givande turår!



Sagedammen

15.01.2016 Grethe Sunde Langeset

### **Årsmelding for Indre Nordfjord Turlag Ung**

I år 2015 har vi prøvd å få i gang aktiviteten i INT ung igjen. Vi har hatt 3 styremøte, der vi har planlagt vegen framover for INT ung. Prøvd å finne ut korleis vi skal nå fram til ungdommen, slik att dei vil vere med oss, å øke antall medlemma i gruppa. I INT ung styre er det Hildegunn Mykløen som er leier, Sigurd Olai Berge og Kristine Tønning er styremedlemma. Odd Henrik Berge har vore med å hjelpt oss på veg, å rådført oss litt om korleis vi skal legge opp programmet framover. Vi prøvde å få til eit arrangement på Vangen i Vår, då friluftshelga var, men etter mykje fram å tilbake, blei dette avlyst, grunna manglande påmelding. Den 19 mai, arrangerte vi klatring i Beachen i Marsåvika. Ca 10 personar var med på aktiviteten, som vi fikk hjelp til å gjennomføre av instruktøra frå Stryn klatreklubb. I år 2016, har vi planlagt ein del fyldige tura, som vi håpar att folk har lyst å vere med å dele med oss.





05.01.2015 Hildegunn Mykløen

## Seniorgruppa Indre Nordfjord Turlag

### ÅRSMELDING 2015

Etter framlegg frå den første leiaren i INTfekk han av årsmøte lov til å skipe til ei seniorgruppe. Grunngevinga var at når medlemer blir godt vaksne, saknar dei eit tilbod som høver for dei. Resultatet blir ofte at dei melder seg ut av INT.

Desse har utgjort gruppa: Eivind Skjerven, Oddmund Teigland og Randi Bjørseth- Mykje arbeid fall på Oddmund Teigland i den periden Eivind Skjerven var til behandling på Haukeland Sjukehus i Bergen og seinar på sjukehuset i Førde. Randi Bjørseth gjorde ein sterk innsats på dei siste turane. Det som gjorde det mogeleg å få det i havn med så mange turar, var at vi var ein trio s om hadde tillit til kvarandre. Saman med fleire andre ser vi som ei viktig oppgåve å få fleire seniorar med i 2016.

Målsettinga til gruppa var å tilby eit variert tilbod i Horninda I og Stryn. Etter samråd med leiar i INT, Olav Auflem, valde vi ut torsdagar som turdag. På den måten kunne få til eit samarbeid om ei felles annonsering med onsdagsturane. Så langt det har vore mogeleg, har vi lagt inn kulturopplevingar.

Oversyn med opplysningar om turtilboda

| Dato       | Torsdagsturane:         | Deltakar | Turleiar(ar)          | Kultur-/Naturoppleving         |
|------------|-------------------------|----------|-----------------------|--------------------------------|
| 30.04.15:  | Turstien på VISNES.     | 15       | Eivind/Oddmund        | Tyske Skyttargraver frå krigen |
| 21.05.15:  | Baggehola/botanisk hage | 4        | Oddmund               |                                |
| 04.06.15   | Ytreshornakke           | 6        | Jon Ytreshorn/Oddmund |                                |
| 25.06.15:  | Vetestova på Hogden     | 6        | Oddmund/Oddmund       | Vinsrygg                       |
| 09-07.15:  | Postvegen Faleide-Veten | 10.....  | Oddmund               | Kultur:Edvard Langeland        |
| 30.07.15:: | Bødalsbreen             | 6        | Eivind/Oddmund        | Sætreliv Breen/Morene si søge  |
| 07.08.15:  | Brenndalen              | 11       | Eivind/Oddmund:       | Kultur v/Jakob Aaberg          |
| 20.08.15:  | Erdal/Vetledalssætra    | 6        | Eivind/Oddmund/Randi  |                                |
| 27.08.15:  | Liatunet-Utvik          | 7        | Randi/Eivind/Oddmund  | Kultur: Dag Vangberg           |

TILSAMAN: 71 deltakar på 9 turar

Seniorgruppa er eit prøveprosjekt som ein må ha lov å seie var ei t tiltak INT bør utvikla vidare. Ein valde turar til enkle turmål der oftast gjekk same ruta fram og tilbake. Gjennomsnittsalderen var kring 75 år. I og med turane går på dagtid, er det primært pensjonistar som deltek. Det bør vere eit mål å få til eit samarbeid med ulike pensjonistlag. Det var planlagt å skipe til stavgangskurs. Dette bør vere eit prioritert tiltak i 2016. - Samarbeidet med INT har gått gjennom god kontakt med leiar Olav Auflem.

Stryn, 10.01.2016

Helsing Eivind Skjerven

Stryn den 02.01.2016

# Årsmelding 2015 – Vetledalshytta INT

Styret for Vetledalshytta INT har heller ikkje i år hatt møte, men har snakkast på tlf. og ved meir tilfeldige samtaler.

Ved tilsyn på hytta den 26.april vart det beslutta at den tradisjonell «nedvasken av hytta» ikkje var nødvendig i år.

Her var reint og ryddig. Og rikeleg med ved.

Mesteparten av matvarelageret vart innkjøpt til opninga i 2011. Og nesten alle matvarene var utgått på dato. Desse vart teke med heim igjen og levert til avfall.

Vart erstatta med nyinnkjøpte varer for kr. 1.610,- som vart frakta til hytta tidleg i mai.

Tilbakemeldingar i hytteboka dokumenterer at besøkjande set pris på dette hytte- og overnattingstilbodet her.

SFT arrangerte ikkje turen «Josten på langs» med utgangspunkt frå Vetledalsetra i år.

Heller ikkje INT arrangerte noko fellsetur til Vetledalsetra i år.

Det er i løpet av året registrert 132 dagsbesøk og 58 besøk med overnatting.

Dette er om lag same antal om tidlegare år.

Utgifter og inntekter framgår av rekneskapen.

Styret for Vetledalshytta

John-Eirik Greidung

Stig Skåre

Per Jakob Kyrkjeide

Tor Guddal